Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 | Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Bodin

Emne: Skav | Bygdelag: Straumen

Oppskr. av: Lorar Bernh. Kvalnes | Gard: Valnes

(adresse): Valnes i Bodin | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. For ein del.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Hans Marvoll, Fjell, Valnes i Bodin 72 år. Småbrukar

SVAR

1. Hjelpefor.
2. Nei.
3. å skåv, sjev, skôv, ha skåv
4. Ja. Skav. Bare til hjelp i vanskelege år. Ikkje vanleg at ein brukar slikt no.
5. Rogn og bjørk og selje. Rogn er best. Kunne ta små fureskat og leggja inn til krøttera som då fekk gnaga og eta som dei ville.
6. Nei, ikkje her, men i Troms fylke kallar dei rogna for skav.
7. Nei.
8. Alle fekk så nær som hesten. Dei fekk om vinteren. Rognskav og seljeskav gav dei turt, bjørkskav gav dei i lag med litt bumat (torskehovud frå Lofoten)
9. Av rognskav vart det gult og godt smør.
10. Kunne gjera båe deler, men helst nytta dei den veden dei likevel skulle ha til huset. Nei, skav av hesje=

1307

staur vart ikkje nytta til kröttera.
13. Nei.
14. Om vinteren.
15. Helst inne i stova – i gamle dagar, men og i vedsvala.
16. Skavvet (skavvet, skavvetn, skävvla, skävvlan). Var laga spesielt til dette arbeidet av ein gamal ljå.




17. Ein sette seg på ein krakk eller stol, la ei fille over vinstre kneet (for å verna buksa eller skjörtet), sette så kjeppen ein skulle skava på vinstre kneet og styrja kjeppen med vinstre handa, så skov ein med högre handa fyrst nedste luten av kjeppen rundt om, så snudde ein kjeppen slik at övste luten kom nedst og skov så denne rundt om til ein var ferdig. Var det famnvedkjeppar, kunne ein setja kjeppen på ein liten stabbe istadenfor på kneet.
20. Veden ein ~~skjev~~ har skava kallar ein skjevvet, fl. tal skjevvet. Ein kunne og tala om ein skjevvetkjepp. Dette var etter

1307

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

måten små og sume kjeppar ca 40 cm lang eller så. Var det gamnvedkjeppar ein skav, sa ein gamnvedkjeppar.
21. Skav.
22. Sjå 20.
23. Sjå 20.
24. Ingen ved måtte vera med berre borken.
25. Til bakstevod. Skjeveden låg gjerne til turk fyrst og vart framsprå til bakstevod.
26. Sume nyttar framleis skav til hjelpefor. - Ein kan og ta høveleg store rognekjeppar og setja dei inn til sauene slik dei er og la dyra sjølv gnaga borken av. Hans Marvoll fortel at sauene får serst fin ull i så tilfelle og vert i serst godt lag. Dei kunne forlata maten sin og gå laus på kjeppane når desse vart sette inn i stakken til dei så iv-rige vart dei.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

0F.

1307